

STRATEGI 2016-2022 FOR DET JURIDISKE FAKULTET, UNIVERSITETET I BERGEN

(Vedtatt av fakultetsstyret dd.mm.yyyy)

Juridisk fyrårn - regionalt, nasjonalt og internasjonalt

Samfunnsoppdrag og verdigrunnlag

Dei sentrale oppgåvene til Det juridiske fakultet er å utdanna juristar, drive rettsvitenskapelig forskning og utvikling av faget og formidle kunnskap om retten til samfunnet. Heile vår verksemd skal vere prega av høg kvalitet, og den skal vere innovativ og framtidsretta.

Gjennom rettsvitenskapelig forskning utviklar Det juridiske fakultet kunnskap om retten og delar kunnskapen med samfunnet kring oss. Kompetansen ved fakultetet gjev grunnlag for å løysa dei oppgåvene vi har - lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt.

Kunnskapen let oss utdanne juristar for framtida og gjere dei førebudde på å verke til beste for samfunnet som kunnskapsrike og ansvarlege juristar.

Kompetansen set oss i stand til å vere ein verdfull premissleverandør og samarbeidspartnar for dei regionale og nasjonale institusjonane som skal forme og forvalte retten i samfunnet. Organisasjonen skal vere prega av kompetanse, samarbeid, initiativ og mot. Studentane skal få ta del i begeistring for faget, i spanande diskusjonar og verte utfordra til å ta eigne steg i eiga forskning eller anna juridisk verksemd.

Vår kompetanse og kunnskap set oss i stand til å drive formidling av høg kvalitet og på den måten bidra til ein opplyst offentleg samtale om retten, rolla den har i samfunnet og korleis retten kan tene både demokratiet og deltakarane i det.

Det juridiske fakultet tuftar verksemda si på eit trygt og attraktivt miljø der alle kjenner både ansvar og høve til å bidra til å løyse samfunnsoppdraga. Det skal gjevast kollegial og institusjonell støtte til stadig å forbetre seg sjølv og å høgne kvaliteten til fakultetet si verksemd. Fakultetet skal utføra samfunnsoppdraget gjennom effektiv, etterretteleg og kunnskapsbasert drift og forvaltning.

Dei akademiske ideala er grunnlaget for all vår verksemd. Vi skal ansvarleg verne om og gjere bruk av vår akademiske fridom og faglege autonomi. Vi skal bruke den til å ta oss alle vidare, til å vere innovative, til å sjå det som ikkje er lett synleg, til å stille kritiske spørsmål og til å arbeide med rettsvitenskap for å få eit klokare og betre samfunn.

Fakultetet si forskingsverksemd skal vidare verne om rettsvitenskapens eigenart. Verksemda skal bidra til ei heilskapleg og haldbar utvikling av den juridiske fagdisiplinen.

Forsking i front

Overordna mål

Forskinga ved fakultetet skal vera av høg fagleg kvalitet, og verte utført av nyfikne, modige og initiativrike forskarar. I løpet av strategiperioden skal fakultetet ha fagmiljø av høg internasjonal standard. Det skal arbeidast for å skape fagmiljø i verdsklassen.

Delmål

Fakultetet skal drive innovativ **grunnforskning og anna forskning** av høg fagleg kvalitet. Fakultetet skal i løpet av planperioden få fram minst ein søknad til Forskingsrådet om eit Senter for framifrå forskning (SFF), aleine eller i samarbeid med andre. Vidare skal fakultetet arbeide fram søknader knytt til Forskingsrådet og EU sine satsingar. Forskingsaktiviteten skal vera i tråd med krava til organisering av forkinga, internasjonalt og regionalt samarbeid og fagleg nyskaping som er uttrykte i rammeplanane til UiB, NFR og EU.

Forskinga ved fakultetet skal **bidra til løysing av samfunnsoppgåver** både regionalt, nasjonalt og internasjonalt og ta del i å løyse dei problema som samfunnet og forkinga identifiserer som særleg viktige. Dei tre strategiske satsingsområda til UiB - **marin forskning, forskning innan klima og energiomstilling** og forskning knytt til dei **store globale samfunnsutfordringane** - skal synast igjen også i fakultetet sine prioriteringar i den komande strategiperioden.

Fakultetet si forskingsverksemd skal i større grad enn tidlegare satse på **tverrvitskapleg orientering**. Det er eit mål å gjere juridisk forskning relevant og synleg med tanke på å inngå i tverrvitskapleg forskning og då særleg opp mot UiB sine satsingsfelt og oppbygging av klynger. Det er eit mål at fagmiljøa ved fakultetet veks slik at vi i større grad kan bidra på desse arenaene.

Fakultetet skal styrke **forskingssamarbeidet med andre institusjonar i rettslivet**. Samarbeid og også formidling av forkinga vår skal bidra til omstilling, innovasjon og auka kompetanse. Fakultetet skal ta eit særskilt ansvar for utvikling av rettsleg kompetanse som styrker vår region.

Det skal satsast på **forskningsrekruttering** i strategiperioden. Fakultetet skal sikre forskingsbasert undervisning på masterstudiet. Utover å sikre forskingsbasert undervisning, skal det arbeidast med å vekke forskningsinteresse hjå studentane og førebu dei på ein slik karriereveg. I samband med utlysing av stillingar skal det takas omsyn til at forskingsbasert undervisning vert sikra også på lang sikt.

Det juridiske fakultet skal ha ei **forskarutdanning** av høg internasjonal kvalitet. Fakultetet sine PhD-kandidatar skal delta aktivt i lokale, nasjonale og internasjonale nettverk. PhD-kandidatane skal trenast i å kunne presentera og diskutera prosjekta sine med internasjonale kollegaer. Fakultetet skal syte for at det jamleg vert halde kurs og seminar for dei som rettleier PhD-kandidatane, og følge opp og implementere dei tiltaka knytt til opplæring av rettleiarar som UiB bestemmer.

Forskingsaktiviteten ved fakultetet skal verke i form av samarbeid mellom enkeltpersonar, forskingsprosjekt og forskargrupper. Vi skal vidareutvikle forskargruppene som ein av fleire arenaer for fagleg utvikling.

Særlege tiltak for å oppnå måla

Fakultetet skal vidareutvikle kompetansen vi har knytt til dei store globale samfunnsutfordringane og marin forskning. Det vil i tidleg i strategiperioden vere særskilt naudsynt å styrke forskinga innan **klima, energiomstilling og miljørett** i vid forstand. Ei slik styrking er naudsynt for at Det juridiske fakultetet skal kunne delta med styrke i UiB sine satsingar, og for å kunne bidra som partnarar i søknader om ekstern finansiering. Styrkinga er også naudsynt for at fakultetet skal kunne utdanna juristar som i framtida vil kome til å arbeide med slike spørsmål i større grad enn dagens juristar.

Fakultetet skal støtte opp under **tverrvitskapeleg forskning** ved å styrke kontakten med andre forskingsmiljø, særleg ved UiB. Fakultetet skal sette inn ressursar for å kome tidlegare inn i prosessen både ved utforming av forskingsprosjekt og søknadar. Det skal leggjast til rette for at forskarar og forskingsadministrasjon kan ha eit tett samspel. Vi skal oppmuntra til, og leggja til rette for å utvikle forskingsprosjekt på tvers av juridiske fagdisipliner. Det same gjeld samarbeid mellom rettsvitskapelege forskarar og forskarar frå andre fakultet.

Samfunnsoppdraget til Det juridiske fakultetet krev at undervisningstilbodet til ein kvar tid er forskingsbasert. **Undervisningsbehovet** vil framleis styre noko av forskingsaktiviteten ved fakultetet av di det er naudsynt å sikre, og somme tider ytterlegare styrkje, tilgjengeleg forskingskompetanse i dei faga som utgjer kjernen av juss-studiet.

I løpet av strategiperioden skal fakultetet bidra til UiB si målsetjing om å syne forskinga si relevans for samfunnet ved å **samarbeida tettare med viktige regionale aktørar** innan offentlige verksemd og næringslivet.

Høg kvalitet i forskinga vil vera eit grunnleggjande vilkår ved fordelinga av fakultetets ressursar. I konkurranse om tildeling av stillingar eller forskingsmidlar vil fakultetet vurdere i kva grad tiltaket fremjar fakultetet sine mål. Det vil til dømes vere tilfelle om ein stipendiatstilling både byggjer kompetanse i eit undervisningsfag ein treng å styrke og samstundes bidrar med forskning innan klima eller miljørett i vid forstand.

Utdanning av juristar for morgondagen

Overordna mål

Fakultetet skal utdanne framtidas juridiske problemløysarar. Fakultetet sitt studietilbod skal vera på linje med dei leiande i Europa. Fakultetet skal gje eit studieprogram og ein studiekvardag som utdannar studentane til kunnskapsrike og ansvarlege juristar som har kompetanse til å gå inn i dei ulike rollene som juristane kan ha. Våre kandidatar skal vera kjenneteikna av fagleg tryggleik, metodisk bevisstheit og høg etisk standard.

Delmål

Fakultetet skal sikre eit studieprogram med klar indre samanheng og progresjon. Det må føreligge overordna perspektiv på utviklinga av undervisninga i dei einskilde faga. Fakultetet skal fortsetja arbeidet med ein planstyrt og langsiktig utvikling av kvalitetshevande undervisningstiltak basert på evalueringar frå studentar og tilsette. I denne strategiplanen legg vi vekt på sider ved utdanninga som vil vere viktige, uavhengig av utfallet av det pågåande arbeidet med ei ny studieordning.

Studietilbodet til fakultetet skal til ei kvar tid vere **tufta på forskning**. Gjennom studiet skal studenten tileigne seg ein kunnskapsbase i form av grunnleggande kunnskap om retten og dei viktigaste delemna i faget. Det skal leggjast til rette for at studentane får ta del i nye problemstillingar og innsikter. Det skal vere tydeleg for studentane kva forskingsperspektivet inneberer for kurset. Fakultetet skal særleg legge til rette for at studentane får arbeide med forskingsperspektiv og -oppgåver. Allereie frå fyrste studieår skal det leggjast vekt på å synleggjere gode og relevante forskingstema til masteroppgåver, og førebu dei til å gjere sjølvstendige vurderingar med tanke på val av emne til masteroppgåva.

UiB si satsing på **tverrvitskapeleg** aktivitet bør visa igjen også i juss-studiet. Studiet skal legge til rette for at studentane får kontakt med andre universitetsfag og får trening i å trekke inn slike perspektiv i eige arbeid. På slike måtar kan vi møte samfunnet sitt behov for juristar som er vane med og har forståing for samarbeid med andre fagdisipliner. Slikt samarbeid er naudsynt for å løyse komplekse samfunnsproblem.

Det er også eit mål at forskingsfronten innan UIB sine satsingsområde vert spegla i undervisninga. Studiet bør såleis til ei viss grad spegla UiB si satsing på **klima/energiomstilling, marin forskning og store globale samfunnsutfordringar**.

Studiet skal vere tufta på **gode og innovative pedagogiske verkemiddel**. Studentane skal sikrast **kvalifisert prøving** på alle nivå i studiet.

Studiet skal ha både ein klar **nasjonal og internasjonal dimensjon**. Det skal spegla og vidareføre regionen sin internasjonale tradisjon og stimulere til nysgjerrigheit og fagleg innovasjon gjennom impulsar frå utlandet. Innreisande studentar er ein ressurs som det i større grad kan trekkast veksar på i undervisninga. Eit betre samspel mellom norske og utanlandske studentar kan gje dynamiske og spanande læringsmiljø.

Studiet skal òg utnytte og ha eit aktivt samarbeid med **juridisk sterke fagmiljø i regionen**. Samarbeidet skal kome studentane til gode i form av kunnskap om aktuelle problemstillingar og fakultetet skal også legge til rette for mogelege praksis- og skriveplassar. Til dette føremålet skal fakultetet for strategiperioden styrke kontakten med slike institusjonar i regionen med tanke på eit

forbetra samarbeid. Det skal synleggjerast praktisk innretta mastertema som innbyr til at studentane får interesse for institusjonane.

Fakultetsleiinga skal vurdere om det i løpet av strategiperioden er tenlig å søkja om eit **Senter for Framifrå Utdanning (SFU)**. Sjølv om slik søknad ikkje skulle bli sendt, skal dei parametranne for kvalitet som må møtast i ein SFU likevel vera retningsgjevande for kvaliteten på undervisninga. Vår undervisning skal vera av høg, fagleg kvalitet, vera innovativ i bruken av pedagogiske og digitale verkemiddel, spele på lag med solide eksterne fagmiljø og på denne måten utdanne kandidatar som er svært attraktive både på den norske og den internasjonale arbeidsmarknaden.

Fakultetet vil i komande strategiperiode arbeide for at det vert gjeve økonomisk utteljing for kvalitetshevinga av undervisningstilbodet. Økonomisk utteljing for kvalitetsarbeid knytt til utdanninga vil verke som ein ytterligare motivasjon for å halde fram med å betra kvaliteten i utdanninga, samstundes som gode økonomiske rammer er ein føresetnad for å kunne få gjennomført kvalitetshevande tiltak.

Særlege tiltak for å oppnå måla

Fakultetet skal i strategiperioden følgja opp initiativ teke av UiB om undervisningssamarbeid på tvers av fakulteta, og syta for at slikt samarbeid skjer til beste for utviklinga av jussen. Det kan vera tale om til dømes å delta i undervisning ved andre fakultet og/eller utvikling av masteroppgåver innan same overordna tematikk, men der studentar frå ulike fakultet arbeider saman.

UiB sine satsingsområde bør i større grad integrerast i undervisningstilbodet. Særleg bør problemstillingar knytt til marin forskning, forskning innan klima og energiomstilling og forskning knytt til store globale samfunnsutfordringar synleggjerast for studentane. For å utdanna kandidatar som er aksla til å arbeide med slike utfordringar, må spørsmåla takast opp i dei enkelte faga. Erfaringane frå integreringa av menneskerettar og EØS-rett, kan tene som førebilete.

Fakultetet skal legge til rette for systematisk pedagogisk kompetanseutvikling og medviten bruk av digitale verkemiddel. Fakultetet vil arbeide hardt for framleis å liggje i tet når det gjeld å bruke digitale verktøy i både forskning og i undervisninga. Fakultetet skal vere oppdatert, framtidsretta og innovativ i måten å drive undervisning og evaluering av studentane. Fagmiljøet og administrasjonen vil måtte samarbeide tett for til ei kvar tid å utvikle og bruke gode og framtidsretta løysingar.

I strategiperioden skal det stadig søkast etter forbetra måtar å sikre ei ressursadekvat og rettvis prøving. Det skal opnast opp for større variasjon i vurderingsformer på emne på 1-4 studieår og spesialemna. Det skal vurderast tiltak som bidrar til kompetanseheving og synleggjering av undervisningsopplegget for sensorane.

Fakultetet skal halde fram med å tilby utveksling med kvalifiserte institusjonar rundt om i verda. Det skal leggst til rette for andre former for internasjonalisering, til dømes utanlandsopphald som ein del av eit emne. Det skal leggst til rette for at studentane får trening i å relatere seg til internasjonale diskusjonar i løpet av studiet, og fakultetet skal vere innovativ i måtar å integrere internasjonale aspekt i studiet. Det bør leggst til rette for skriving av masteroppgåver på engelsk.

Målretta formidling

Overordna mål

Fakultetet sine forskarar skal vere i front med å formidle kunnskap om rettsreglane, rettsstaten og retten si rolle i samfunnet. Kunnskap om retten formidla breitt ut i samfunnet bidreg til opplysing og saklege debattar. Slik formidling er viktig for utviklinga av demokratiet. Formidlinga skal òg synleggjere kva forskinga gjev tilbake til samfunnet. Vi skal vise at investering i forskning kjem samfunnet til gode. På dette viset bidreg formidlinga òg til å auke forståinga av den juridiske forskinga si tyding i samfunnet.

Delmål og tiltak

Fakultetet sine forskarar skal formidle forskinga si på fleire arenaer. Forskingsresultata skal formidlalt både lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt.

Særleg mediabidrag er viktig for å nå ut i den offentlege samtalen. Ved å formidle kunnskap til politiske og rettslege institusjonar kan vi bidra til betre avgjerder der. Ei framtidig forskingsrekruttering fordrar at vi òg snakkar med barn og unge. For forskinga sin del er det òg ikkje minst viktig at vi tek del på universitetsarenaen og der formidlar kunnskap om retten til forskarar frå andre fagfelt.

Fakultetet sine forskarar skal gjennom formidlinga synleggjere dei sterke fagmiljøa ved fakultetet. I kampen om dei beste studentane og dei beste forskarane, skal fakultet stå fram som ein attraktiv arbeidsplass og ein forskings- og utdanningsinstitusjon som omverda forbind med kvalitet.

Fakultetet skal i strategiperioden arbeide for å auke interessa for formidling hjå dei tilsette. Særleg unge forskarar og andre nye tilsette skal få insentiv og støtte til å gjere formidling til ein naturleg del av verksemda si.

Fakultetet skal synleggjere sine framifrå forskarar ved å aktivt søkje Forskingsrådets prisar for «framifrå forskning», «unge framifrå forskarar», «formidlingspris» og «innovasjonspris».

Gjennom Dragefjellet lærings- og formidlingssenter har fakultetet ein ambisjon om å verte leiande på digital forskingsformidling. Mange forskingsprosjekt vil vera godt egna til at rettsvitenskapelig forskning kan publiseras digitalt og nå ut til eit breitt publikum. Fakultetet skal utvikle eit tettare samarbeid med kommunikasjonsavdelinga ved UIB.

Ein organisasjon i utvikling

Overordna mål

Fakultetet skal ha ein organisasjon som til ei kvar tid er rigga for å drive forskning, utdanning, formidling og forvaltning av høg kvalitet og som legg til rette for innovasjon. Fakultetet skal drive institusjonen vidare samstundes som me aktivt skal vurdere om endringar i organisasjonen kan gje forbetringar. I den komande strategiperioden vil fakultetet bli stilt overfor nye rammevilkår og aukande resultatkrav knytt til forskning og utdanning. Tverrfagleg aktivitet innan forskning og undervisning vil kunne skape behov for nye organisasjonsløyser.

Delmål og tiltak

Fakultetets tilsette skal ha kollegial og institusjonell støtte til personleg og fagleg utvikling. Fakultetet skal profesjonalisere rolla som forskingsleiar og prosjektleiar. Fakultetet skal i eiga regi, eller i samspel med andre, utvikle program for dette.

Satsingsfelt, som tverrfagleg forskning, eksternfinansiering og internasjonalisering, skal utviklast i tett samspel mellom leiinga, vitskaplege og administrativt tilsette. Det skal finnast insentiv til å oppsøke andre institusjonar for læring, pilotprosjekt og andre måtar å skape utvikling i forskning, undervisning og i måten vi organiserer verksemda vår på.

Eit godt studietilbod er avhengig av eit godt samarbeid mellom undervisarar, studieadministrasjon og studentane. Tiltak for i større grad å samordne undervisningsressursar og ein adekvat bruk av desse skal settast i verk. Det bør vurderast om det skal opprettast fagleg studieårsansvarlege.

Fakultetet skal utvikle eit betre og meir inkluderande sosialt fellesskap, blant anna ved å organisere jamlege faglege og sosiale møteplassar. Særleg nye tilsette skal inviterast inn i miljøet og få høve til å presentere seg og si verksemd for kollegaene, til dømes gjennom prosjektpresentasjonar eller andre bidrag. Det bør arbeidast for å finne ordningar, slik som fagpresentasjonar, debattar og liknande som bidreg til å skape intern utveksling av kunnskap, samarbeid og dynamikk i organisasjonen.

I løpet av fyrste halvdel av strategiperioden skal det gjennomførast eit prosjekt for organisasjonsutvikling for å sjå korleis fakultetet best kan tilpassast nye rammevilkår og resultatkrav.